

PRAKTISK INFORMASJON

TID	Tysdag 14. og onsdag 15. april 2015
STAD	Thon Hotel Sandven, 5600 Norheimsund Telefon: 56 55 20 88. E-post: sandven@thonhotels.no
PÅMELDINGSFRIST*	med overnatting: 26. mars 2015 utan overnatting: 8. april 2015
PÅMELDING	Påmeldingsskjema er lagt ut på Hordaland fylkeskommune si heimeside http://kurs.hfk.no/Kurs-og-konferansar/2015/Tettstadkonferanse/ Påmeldinga er bindande. Evt. avmelding må skje skriftleg, innan 9.april.
SPØRSMÅL	Fagleg: Kari Øvsthus, tel. 55 23 92 94, mobil 975 00 127 e-post: kari.ovsthus@hfk.no Praktisk: Synnøve Fjeldberg, tel 55 23 92 82 e-post: regional@hfk.no
PRISAR	PAKKE 1 Dagpakke 14. april, dagpakke 15. april, overnatting 14. april og alle måltid inkl. festmiddag på hotellet: kr. 1 875,-* PAKKE 2 Dagpakke 14. april, u/overnatting (inkl. lunsj, fingermat og kaffipausar): kr. 550 PAKKE 3 Dagpakke 15. april, u/overnatting (inkl. lunsj, fingermat og kaffipausar): kr. 550 PAKKE 4 Festmiddag på Thon Hotel Sandven 14. april: kr. 480 PAKKE 5 Ekstra overnatting, 13. april: kr. 975 PAKKE 6 Ekstra overnatting inkl middag, 13. april: kr. 1 225,- PAKKE 7 Omvising på Fartøyvernssenteret, 14. april: kr. 120 NB! Pakke 7 inngår ikkje i pakke 1-3! PAKKE 8 Buss 14. april frå Bergen kl 08.20, perrong O (betaling på bussen) Buss 15. april frå Norheimsund kl 14.45 (betaling på bussen)
FAKTURERING	Faktura blir sendt ut etter konferansen

*NB! Ved stor påmelding kan det bli aktuelt med overnatting ved andre hotell. For å få rom på Thon Hotel Sandven, ver difor tidleg ute med påmelding!

Vi ønsker
velkomen til
innholdsrike
dagar!

REGIONAL KONFERANSE

«Offentlege rom er byen;
det er i opne, offentlege rom
borgarane lærer å bli borgarar»

Ignasi de Lecea,
Barcelona 2003



DEN ATTRAKTIVE STADEN

*gode byrom
gaterom
og prosessane bak ...*



14. OG 15. APRIL 2015
THON HOTEL SANDVEN, NORDHEIMSUND

HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

Kvam herad

Kommunal- og
moderniseringsdepartementet

Klima- og miljødepartementet

Riksantikvaren

Statens vegvesen

Distriktssenteret

Helsedirektoratet

Husbanken

GODE BYROM OG GATEROM I SMÅ BYAR OG TETTSTADER

– og prosessane for å lukkast lokalt ...

Vi ønskjer velkomen til innhaldsrike dagar!

Hordaland fylkeskommune, i samarbeid med Kvam herad og Forum for stedsutvikling har gleda av å invitere til to dagars open regional konferanse om by- og tettstadsutvikling 14. og 15. april 2015!

Mange kommunar set inn store ressursar for å skape sentrale møteplassar med funksjonell og estetisk kvalitet. Ikkje alle prosjekta oppfyller intensjonane. Kvar nytt element som kjem til kan auke eller minske sentrums-kvalitetane. Spørsmåla blir då:

- Korleis skaper vi spanande byrom og gaterom – tilgjengelege for alle – med mangfald av funksjonar?
- Korleis formar vi byrom slik at dei blir oppfatta som inkluderande og gode å opphalde seg i?
- Den urbane plassen – langt meir enn design og langt meir kompleks enn vi trur? Kva eigenskapar har den vellukka plassen?

- Korleis revitalisere sentrum ved å utvikle eit system av attraktive gater og plassar som genererer nye aktivitetar og liv i sentrum?
- For å skape gode byrom som fungerer, trengst godt samarbeid mellom mange aktørar og partar, lokalt, regionalt og nasjonalt. Finst gode eksempel på dette?

Norheimsund er valt som konferansestad fordi aktørane der er midt i ein mangeårig prosess med

stadutvikling. Dei fekk «Statens pris for attraktiv stad 2013». Kva resultat kan dei vise til så langt?

Målgruppa for konferansen er politikarar og næringsdrivande, utbyggjarar, huseigarar, kommunale og private planleggjarar, arkitektar, landskapsarkitektar og tilsette i kommunane – som teknisk etat, kultur-, landbruks-, nærings- og miljøetatane, frivillige organisasjonar og andre med interesse for by- og tettstadsutvikling og lokale samarbeidsprosessar.

PROGRAM TYSDAG 14. APRIL

MØTELEIAR: Bård Sandal, regionaldirektør, Regionalavdelinga, Hordaland fylkeskommune

- 08:20 Buss frå Bergen, 08.50 frå Arna, 09.45 til Norheimsund
- 09:45 Registrering, kaffi og frukt
- 10:15 Musikalsk intro
- 10:30 Opning av konferansen
Mona Haugland Hellesnes, fylkesvaraordførar
- 10:40 Velkomen til Norheimsund!
Asbjørn Tolo, ordførar Kvam herad
- 10:50 «Statens pris for attraktiv stad 2013» – kva gjorde vi og gjer vi for å lukkast? Samarbeid, prosess og resultat
Jon Nedkvitne, samfunns- og utviklings-sjef, Kvam herad og Borghild Storaas Ones, CUBUS AS
- 11:45 Lunsj
- 12:45 Småbyens liv og vitalitet, bykvalitet og det offentlege rommet
Peter Butenschøn, arkitekt, byplanrådgivar
- 13:30 Byrom for menneske – mer liv i sentrum
Hvordan lykkes med å skape attraksjoner – metode og praktiske eksempler
Ewa Westermarck, partner/direktør/arkitekt, Gehl Architects, København
- 14:45 Pause
- 15:15 Gode byrom i små byar og tettstader – prinsipp og eksempel
Kari Øvsthus, tettstadskoordinator/arkitekt, Hordaland fylkeskommune

- 15:45 «Intelligente byrom» – og temporære – som strategi for sentrumsutvikling
Charlotte Helleland, arkitekt, Alliance Arkitekter AS
- 16:15 Pause med fingermat
- 16:45 Nærblikk på tettstadar i Noreg – er dei attraktive, OK eller ikkje?
Ronny Spaans, arkitekturjournalist
- 17:25 Synfaring i sentrum
- 18:00 Fartøyvernssenteret – omvising
- 20:00 Festmiddag på hotellet ... med musikalsk mellomrett ...



PROGRAM ONSDAG 15. APRIL

MØTELEIAR: Marit Rødseth, leiar Planseksjonen, Regionalavdelinga, Hordaland fylkeskommune

- 08:15 Registrering av nye deltakarar
- 08:30 Kunstnerisk
- 08:40 Attraktivt sentrum – ny giv og ny regional plan i Hordaland
Bård Sandal, regionaldirektør, Regionalavdelinga, Hordaland fylkeskommune
- 09:00 Gata – premiss for liv og kultur i sentrum!
Rainer Stange, partner/landskapsarkitekt, Dronninga landskap AS, professor, Inst. for urbanisme og landskap, AHO, Oslo
- 09:45 Pause
- 10:15 Scenario og ny områdeplan i 3D for Knarvik – bystruktur og byrom først, deretter bygningane?
Jan Erik Hope, leiar Plan- og miljøutvalet og Arnold Matre, plan- og utviklingssjef, Lindås kommune

- 11:00 «Liv på Øyro» – revitalisering og utvikling av Os sentrum
Terje Søviknes, ordførar/prosjektleder og Aina Tjosås, plan- og utviklingssjef, Os kommune

Refleksjonar om Knarvik og Os:
v/ Fredrik Barth, utførande konsulent/arkitekt, Asplan Viak AS
- 11:40 Pause m/ fingermat
- 12:10 Kulturhistoriske bygningar = meirverdi for byens rom?
Inger Lena Gåsemyr, fagleiar, Kulturavdelinga, Hordaland fylkeskommune
- 12:30 «Medverknad – med verknad? Erfaringar med lokale prosessar for stadutvikling»
Birte Fosshem, seniorrådgivar, Distriktsenteret
- 12:50 Ulsteinvik – «Statens pris for attraktiv stad 2012» – kva gjorde vi og gjer vi for å lukkast? Strategisk samarbeid og resultat
Verner Larsen, ass. rådmann, Ulstein kommune
- 13:30 Oppsummering og invitasjon til vidare samarbeid
- 13:35 Lunsj
- 14:30 Vel heim!
- 14:45 Buss til Bergen sentrum, framme 16.15

